

# Eit grønt og liberalt Gloppen

## Gode veljar!

Dette programmet viser Venstre sine hovudprioriteringar for komande valperiode: Skule, miljø, verdiskaping og sosialt ansvar. Vi vil aktivt bidra til å ta Gloppen inn i framtida. For Gloppen Venstre er det viktig å vere ryddig, ansvarleg og framtidsretta i alt politisk arbeid. Vi skal tenkje nytt, bane veg og gå i front for dei løysingane vi meiner er rett, til det beste for kommunen.

Dette er eit lokalval. Ta deg difor tid til å bli kjend med våre lokale kandidatar og programmet vi stiller til val på. Ta gjerne kontakt med oss – både før, men og etter valet.

Venstre er eit sosialt, liberalt parti som vil prioritere ein ansvarleg kommuneøkonomi, fridom for den enkelte og ein skule for kunnskap og like moglegheiter.

Vi ønskjer ein kommune der vi tar vare på miljøet og på kvarandre.

Venstre set folk først. Godt val!

*Ragnar Eimhjellen, ordførarkandidat for Gloppen Venstre.*

## Kunnskap- og kulturkommunen Gloppen

*Ein god oppvekst er det viktigaste vi kan gje innbyggjarane våre. Vi vil at skulane og barnehagane også i framtida skal halde god kvalitet, og at Gloppen framleis skal vere mellom dei beste kulturkommunane i Noreg.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- sikre skular og barnehagar økonomisk handlingsrom og fagleg fridom.
- oppretthalde symjebasseng på Byrkjelo og i Hyen
- støtte arbeidet med å etablere eit nytt klima- og miljøfag i samarbeid med Firda vidaregåande skule.
- oppretthalde biblioteksfamiliane på Byrkjelo og i Hyen.
- arbeide for ei permanent ordning med kulturtak for born og unge.
- arbeide for differensiering av elevbetalinga i kulturskulen.
- styrke morsmålsundervisninga i grunnskulen, gjennom tettare og meir forpliktande samarbeid mellom grunnskulen og Gloppen Opplæringsenter.
- at skulegudsteneste skal vere ei frivillig ordning.
- ta konfirmasjonsundervisninga ut av undervisningstida.
- sikre at rehabilitering av Hyen skule, inkludert areal for ungdomssteget, blir fullført i løpet av perioden.
- marknadsføre Trivelshagen som eit regionalt midtpunkt og eit naturleg utgangspunkt for regionale arrangement. Utnytte potensialet i slike arrangement saman med lokalt næringsliv, lag og organisasjonar.

## Eit miljøvenleg Gloppen

*Klima- og miljøpolitikk er viktig også lokalt. Det grøne skiftet er i gang, og kommunane må bidra. Eit grønt samfunn er eit betre samfunn.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- at den kommunale bilparken skal bli meir miljøvenleg.
- stille strenge krav til drift og oppvarming av kommunale bygg.
- at heile den kommunale verksemda skal få status som miljø-fyrtårn.
- arbeide for trygg gang og sykkelveg frå Øyrane til sentrum og frå sentrum til Bukta og E39 mellom Reed og Byrkjelo
- stille strenge miljøkrav til private aktørar som vil etablere og drifte ei cruisekai i Gloppen. Ein føresetnad må være at ei slik kai vert liggande utanfor fjordbassenget i sentrum.
- samle all skyteaktivitet på skytebanene på Byrkjelo og i Hyen
- legge til rette for meir utmarksbasert aktivitet.

## Eit sosialt, liberalt Gloppen

*Venstre ønskjer seg eit samfunn der borgarane har mest mogleg fridom, samstundes som vi tar vare på kvarandre og hjelper dei svakaste. Dette er kjernen i vår sosiale liberalisme.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- styrke den heimebaserte pleie- og omsorgstenesta, mellom anna gjennom satsing på omsorgsteknologi.
- igjen ta initiativ til at Gloppen søker om å delta i prøveprosjekt om sekstenårig røysterett.
- også i framtida ta i mot og inkludere menneske frå ulike land og kulturar.
- formelt likebehandle ungdomsrådet med eldrerådet og rådet for funksjonshemma.
- at mattilsynet prioriterer kontrollar i alle formar for husdyrhald. '

## Eit kreativt og verdiskapande Gloppen

*Venstre vil sleppe skaparkrafta laus og legge til rette for vekst og utvikling i Gloppen, i samarbeid med andre aktørar. Samfunnet endrar seg raskt, og Gloppen må henge med.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- at kommunen etablerer faste møteplassar, der nye verksemder får ta del i fagnettverk som byggjer på erfaringar og suksessfaktorar frå eksisterande næringsliv.
- viser fram alt det vi er gode på gjennom systematisk utovervend profileiringsarbeid-
- etablere faste møtepunkt mellom kommunen og potensielle ti tilflyttarar.
- at Gloppen bidreg til samarbeid mellom næringsorganisasjonar i Nordfjord .
- stø satsing på lokal mat og drikke.
- arbeide for at produsentar av alkoholhaldig drikke skal få selje dette sjølve gjennom gardsutsal eller messer/arrangement.
- at det til ei kvar til skal ha ledig byggeareal i kommunelen.

## **Eit framtidsretta Gloppe**

*Ansvarleg kommuneøkonomi, infrastruktur og regional utvikling er nøklar for at vi også i framtida kan levere gode tenester og legge til rette for vekst og utvikling.*

### **Difor vil Gloppe Venstre:**

- prioritere kommunale kjerneoppgåver i budsjettarbeid.
- halde fram arbeidet med å effektivisere og modernisere heile den kommunale drifta.
- støtte ei kommunereform som gir kommunane fleire oppgåver og meir makt og mynde.
- arbeide aktivt for å styrke vekstregionen Nordfjord som ein felles bu- og arbeidsmarknad.
- få på plass kommunedelplan for FV615 frå Hyen og sørover.
- halde oppe trykket for realisering av bru mellom Lote og Anda og utbetring av E39 Byrkjelo-Sandane
- syte for at planprosessen for ny E39 i indre trasé blir til det beste for Byrkjelo. Jordvern, sentrumsutvikling og myke trafikkantar må takast omsyn til.
- arbeide for styrking av rutetilbodet ved Sandane Lufthamn Anda.
- arbeide for at det blir sett i gang fleire fiberutbyggingar i gloppe dei neste åra,
- arbeide for styrking av kollektivtilbodet mellom regionar.
- vere ein pådrivar for at nettselskapet prioriterer netttilgang og stabilitet.

Vedtatt 20.04.15